



AVLSUTVALGET FOR SAU I ROGALAND

Referat frå møte 11. juni 2012 på Særheim.

Hilde K. Håland, Rune Osland og Alf Torstein Pettersen hadde meldt forfall, her møtte Berit og Torill som vara.

Desse møtte: Per Johan Lyse, Lars Nevland, Berit Pettersen, Torill Undheim og Kjell Steinar Løland(skrivar)

Frå veraringane møtte i sak 15/2012, Stein Haugland, Geir Nilsen og Geir Bratlebø.

Sak 11/2012 Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 12/2012 Referat frå møte 12. januar 2012 godkjent.

Sak 13/2012 Møte med avlssjef Thor Blichfeldt vinter 2013.

Rogaland Sau og Geit vil invitera Thor til formannsmøte sitt i Eigersund 12. og 13. oktober. Dei har og planar om eit nytt kurs for unge bønder, 1.-3. februar.

Avlsutvalget vil derfor at Thor blir med på dagmøte for ringmedlemmer i Rogaland 31. januar og kveldsmøte på Undheim for alle (bruksbesetningar) same dag.

Rogaland sau og geit står for planlegging av kveldsmøte for bruksbesetningar, og "kurs unge bønder" der det og er ynskje om at Thor blir med 1. februar.

Regionutvalget/Regionkonulent lagar planar for møte med vereringane.

Sak 14/2012 Dommarkurs,nye dommarar

Avlsutvalget støtter forslag om å lage til dommarkurs over 2 dagar.

Forslag om 23. og 24. august , fyrste dag hos Fatland på Hommersåk.
Regionkonsulent sjekkar mulighet for overnatting.

Lokallag i Sau og Geit må diskutera dato og gjennomføring av kåringa. Per Johan tek kontakt med lokallaga i månadsskiftet juni/juli, for å høyra lokale ynskje.

Per Johan søker mattilsynet om løyve til å laga til kåring.

Kåringsavgift blir kr.130 for kvart kåra lam, godtgjersle til kårngsdommar er kr. 1500 /dag.

Fyrste mulige kåringsdag blir 15. september.

Forslag på nye kåringskommarar i Rogaland.

Det har kome inn mange forslag på nye dommarar. Etter diskusjon i utvalget kom ein til dette einstemmige forslag:

Stein Haugland, Time – Tor Magne Ravnås, Strand - Siv Holte Espedal, Forsand og Brigte Slettebø, Bjerkreim.

Sak 15/2012. Saker til møte i Avlsrådet 20. og 21. juni.

Sak 18/2012 Gult fett.

Avlsutvalget støtter forslag frå avlssjefen.

Sak 19/2012 Genvariant lammetal.

Støttar arbeidet som blir gjort for å få oversikt over "Finnegenet" i NKS.

Sak 24/2012 Vektlegging i samleindeks NKS.

Slaktevekt 20% - Sl.klasse 19% - Fett 10% - Morsevne vår 15% - Morsevne haust 21% - Lammetal 12% og Holdbarhet 3%.

Vektlegging Spælsau: Slaktevekt 20% - Sl.klasse 25 – Fett 8% - Morsevne vår 20% - Morsevne haust 15 % Lammetal 10 % og holdbarhet 2%.

Vektlegging kjøtsau: Slaktevekt 48 % - Sl.klasse 25 – Fett 25% - Morsevne vår 2 %.

Sak 25.c/2012 Fersksæd/Frosensæd

Avlsutvalget støttar forslaget til vedtak.

Sak 27. a/2012 Krav til O-indeks ved innsett for å gi rett til granskinstilskot i 2013.

NKS 127 indeks – Spæl 118 indeks- Sjeviot (overlate dette til Sjeviot Avlsråd)

Sak 27.d/2012 Krav til avdeling.

Krav for å verta avdeling for NKS, 6 prøveverer

Krav for å verta avdeling for Spæl, 4 prøveverer.

Sak 28/2012 Avkomstgransking i 1 flokk.

Avlsutvalget positiv til mulighet til gransking i 1 flokk, som avdeling i ringen.

Sak 30/2012. Smittesikring i veraringane.

Avlsutvalget meiner at smittesikringa i veraringane må praktiserast strengt.

Positiv til at flokkar som vil ta inn dyr kan få 18 månader permisjon frå ringen.

Veraringsavdeling sine søyer skal parrast med avdelingen sine verer, eller med semin.

Sak 32/2012 Livdyrprisar.

Avlsutvalget føreslår å auka grunnpris på NKS og Kjøtsau til kr. 2500.

Seminver, auka grunnpris til kr. 7.500.

Livdyrprisar vil RSG leggja ut på nettsidene til laget år dei er vedtekne av Avlsrådet.

Sak 33/2012 Kåring 2012.

Avlsutvalget positiv til å ta bort krav til vektavvik ved kåring.

Oppfordrar til at indeksen kjem betre fram på kårings skjema, den er viktig ved utvalg av avlsdyr.